

## **Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming etter lov om eigarseksjonar**

Regulativet er fastsett med heimel i § 15 i eigarseksjonslova. Det speglar det faktiske saksbehandlingsarbeidet dei enkelte sakstypane medfører. Totalt gebyr omfattar, sakshandsaming, matrikkelføring og administrasjonskostnadar.

### **§ 1-1 Betalingsplikt**

Alle som får utført tenester etter eigarseksjonslova skal betale gebyr.

Kommunen krev i tillegg inn tinglysingsgebyr og eventuelt dokumentavgift i saker der kommunen må forskottere dette.

### **§ 1-2 Prisar i regulativet**

Alle prisar i regulativet er innretta for å reflektere kommunen sitt arbeid med dei ulike sakstypane etter sjølvkostprinsippet. Endringar av gebyrregulativet vert årleg vedtekne av kommunestyret, og kommunestyret har høve til å prise gebyra under sjølvkost.

### **§ 1-3 Sakkyndig bistand**

Der kommunen leiger inn sakkyndig bistand for kontroll, fråsegner, vurderingar ut frå lov- og forskriftskrav og liknande, vil kostnadane for slik bistand bli lagde til gebyret.

### **§ 1-4 Urimeleg gebyr**

Dersom kommunen etter eiga vurdering eller etter skriftleg søknad vurderer gebyret som klart urimeleg, kan gebyret setjast ned.

### **§ 1-5 Klage**

Tenestemottakar kan klage på gebyret til Statsforvaltaren i Vestland etter reglane i forvaltningslova.

### **§ 1-6 Avslag**

På grunn av sjølvkostprinsippet må søkerar betale 100 % av ordinært gebyr sjølv om dei får avslag på søknaden. Beløpet blir ikkje godskrive ved ny eller endra søknad.

## **§ 2-1 Gebyr etter lov om eigarseksjonar**

Eigarseksjonering inntil to brukseiningar (grunnsats) fastpris

Reseksjonering inntil to brukseiningar (grunnsats) fastpris

Tillegg per brukseining frå den tredje fastpris

Oppheving av seksjonar fastpris

Synfaring fastpris

Fastpris framgår av prisbok fastsett av kommunestyret.